



Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Dato: 02.09.2015
Vår ref.: 2015/5381-6
Saksbehandlar: jannor
Dykkar ref.:

Søknad om konsesjon til bygging av Austdøla kraftverk i Ulvik herad. Melding om vedtak.

Vi syner til brev dagsett 22.05.2015 der Hordaland fylkeskommune vert beden om å gje fråsegn til Statkraft Energi AS sin søknad om å byggja Austdøla kraftverk i Ulvik herad.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 27.08.15 sak PS 215/2015 og gjorde vedtak som går fram av protokollen under.

Gudrun Mathisen
leiar

Jan Nordø
seniorrådgjever

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Lars Øyvind Birkenes

Arkivnr: 2015/5381-5
 Saksbehandlar: Jan Nordø og Lars Øyvind Birkenes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	138/15	20.08.2015
Fylkesutvalet	215/15	27.08.2015

Søknad om konsesjon til bygging av Austdøla kraftverk i Ulvik herad. Høyringsfråsegn.

Samandrag

Statkraft Energi planlegg å nytta delar av restvassføringa i Austdøla i Osa i Ulvik til ny kraftproduksjon i Austdøla kraftverk. Utbyggingsløysinga som vert søkt om, omfattar etablering av eit magasin i Austdølvatnet. Utbygginga er rekna å kunne gje ein samla årsproduksjon på om lag 34 GWh. Utbyggingsprisen er 6,28 kr/kWh.

Konsekvensane for ålmenne interesser er i hovudsak knytte til landskap og fisk. Tiltaket kjem i eit område med store landskapsverdiar. For anadrom fisk kan tiltaket få positive konsekvensar. For innlandsfisk vil konsekvensane vera negative.

Når det gjeld landskap, vil Hordaland fylkeskommune i samsvar med fylkespolitiske retningsliner i Fylkesdelplan for små vasskraftverk rå til at utbygginga skjer veglaus og at landskapstilpassing og revegetering får høg prioritet. Landskapet i Austdalén er frå før sterkt negativt påverka av 420 kv-luftleidninga Sima-Samnanger. Av omsyn til den høge verdisetjinga av dalen, biologisk mangfald, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv vil Hordaland fylkeskommune likevel be NVE vurdera høgare minstevassføring i Austdøla slik at dei negative konsekvensane for den øvre delen av Austdalén blir mindre.

Når det gjeld innlandsfisk, vil Hordaland fylkeskommune i samsvar med fylkespolitiske retningsliner i småkraftplanen og fagrapporten i søknaden rå til at det vert tilrettelagt for oppvandring av fisk frå Austdølvatnet til gyteområde oppstraums vassdraget, evt. utlegging av gytegrus ovanfor høgste regulerte vassnivå.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Austdøla kraftverk.
2. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi og villrein vil Hordaland fylkeskommune rå til veglaus utbygging.
3. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, biologisk mangfald, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv bør vassføring i elva Austdøla oppretthaldast i størst mogleg grad. Landskapstilpassing av tiltaket og revegeterering må ha høg prioritet.
4. Av omsyn til fossekall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.
5. Av omsyn til innlandsfisk rår Hordaland fylkeskommune til at det vert tilrettelagt for oppvandring av fisk frå Austdølvatnet til gyeområde oppstraums vassdraget, evt. utlegging av gytegrus ovanfor høgste regulerte vassnivå.
6. Av omsyn til friluftslivet bør demningane byggjast med gangbruer.
7. Med omsyn til planområda er undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven i stor grad oppfylt. Unntaket er nettilknyting, der dagens 22 kV leidning frå Ulvik til Osa ikkje er dimensjonert for ny kraftproduksjon og difor må oppgraderast. Detaljplan for dette tiltaket med planlagde inngrep av varig og mellombels karakter må sendast på høyring til Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekka konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
8. Det vert ikkje stilt krav om § 9 jf. undersøkingsplikta med omsyn til tipp- og riggområde.

Lenke: [Norges vassdrags- og energidirektorat](#)

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.07.2015

1. Innleiing

Statkraft Energi AS søker om konsesjon for bygging av Austdøla kraftverk i Ulvik Herad. Planen er å nytta delar av restvassføringa i Austdøla i Osa til ny kraftproduksjon.

Søknaden er på høyring frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) med frist 15. september 2015.

Hordaland fylkeskommune var på synfaring i utbyggingsområdet 16.07.15.

2. Søknaden

2.1. Områdeomtale

Tiltaksområdet ligg i Ulvik herad. Kommunen dekkjer eit område rundt Osafjorden og Ulvikfjorden inst i Hardangerfjorden og innover Hardangervidda.

Austdøla kraftverk blir liggjande i Austdalen, som strekk seg austover frå bygda Osa inst i Osafjorden, sjå figur 1 og 2 under.

Øvre Austdølvatnet (907 m.o.h.), Nedre Austdølvatnet (903 m.o.h.) og Austdøltjernet (904 m.o.h.) ligg i små botndalar øvst i Austdalen. Austdalen er eit typisk elvegjel, omgjeven av fjellveggar og bratte fjellsider. I elva Austdøla finst eit par mellomstore fossar. Den nedre, Røykjafossen, er mest kjent.




Fig. 1 Geografisk plassering av Ulvik herad og tiltaksområdet for Austdøla kraftverk



Fig. 2 Kart over Osa og Austdalen med utbyggingsplanen



Fig. 3 Nedre Austdølvatnet sett mot nordaust

2.2. Prosjektskildring

Statkraft Energi AS vil nyitta delar av restvassføringa i Austdøla til ny kraftproduksjon. Øvre del av vassdraget er overført og vert nytt i dag i Lang-Sima kraftverk, som er den eine delen av Eidfjord-Nord utbygginga. Utbyggingsløysinga som vert søkt om, omfattar etablering av eit magasin i Austdølvatnet (kote 907). Fallet derifrå og ned til kote 185 i Austdøla er planlagt nytt i Austdøla kraftverk (8,5 MW). Utbygginga er rekna å kunne gje ein samla årsproduksjon på om lag 34 GWh. Utbyggingsprisen er 6,28 kr/kWh.

Tiltaket vil påverka elva Austdøla som renn gjennom Austdalens og munnar ut inst i Osafjorden. Utbygginga omfattar ei regulering av Øvre og Nedre Austdølvatnet og eit lite tjern, her kalla Austdøltjernet, vest for desse. Desse vatna vil då flyta saman til eit Austdølvatn-magasin, som vil regulera tilsiget frå restfeltet nedanfor magasinet Rundavatn og fungera som inntaksmagasin for kraftverket. Magasinet vil få ein HRV (høgste regulerte vassstand) på 912 og ein LRV (lågaste regulerte vassstand) på 904 og eit regulert volum på om lag 1,6 mill. m³. Det vert montert tappeventil i dammen for slepp av minstevassføring.

3. Verknad for natur og samfunn

3.1. Landskap

Oppdemminga av Austdølvatna medfører synleg reguleringssone på enkelte areal, noko som kan vera negativt for landskapsopplevinga. Dammen blir også eit nytt landskapselement, men denne vil iflg.

tiltakshavar ikkje vera synleg frå vegen. Av tiltakshavar vert utbygginga vurdert til å ha *middels negativt* omfang i dette delområdet.

Ei utbygging vil medføra redusert vassføring på 3 km av Austdøla. Dette vil vera tydelegast i den øvre delen. Foreslått minstevassføring og samløp med sidevassdrag frå ikkje regulerte felt vil iflg. tiltakshavar likevel medføra at det visuelle inntrykket av elva vil vera omtrent det same som før ei utbygging for nedre del av denne elvestrekninga. Av utbyggjar vert tiltaket vurder til å ha *middels negativ* konsekvens i dette delområdet i driftsfasen.

Kraftstasjonsbygget vil vera synleg frå vegen, men berre på nært hald. Den synlege delen av elva sett frå fjordsida vil iflg. tiltakshavar ha «normal» vassføring. Utbygging av Austdøla kraftverk er av tiltakshavar vurdert til å ha *liten negativ* konsekvens i dette delområdet i driftsfasen.

Tiltaket er i sin heilskap lokalisert i inngrepssnære område. Reguleringa av Austdølvatnet vil medføra bortfall av 0,02 km² frå INON-sone 2 (ingrepssfrie naturområde). Dette ligg i ytterkanten av INON sone 2 (1-3 km frå tyngre tekniske inngrep), og utbygginga vil ikkje føra til fragmentering av attverande INON-areal eller føra til omklassifisering. Konsekvensane for bortfall av INON-område er av tiltakshavar vurdert til *liten negativ* konsekvens.

3.2. Biologisk mangfold

Konsekvensane vil iflg. tiltakshavar først og fremst gjelda vasstilknytt flora og dyreliv gjennom redusert vasstand i elva. Det er ikkje funne raudlista artar. Fossekallen er funne å vera den fuglearten som blir mest påverka på den øvre delen av strekninga.

Dei fleste registrerte naturtypar og viltlokalitetar i dalen vil iflg. tiltakshavar ikkje bli påverka, då vassvegen vil liggja i fjell heile strekninga frå Austdølvatna til utløpet for kraftverket i Austdøla.

Ei utbygging av Austdøla kraftverk er av tiltakshavar vurdert til å ha *liten negativ* konsekvens for biologisk mangfold.

3.3. Fisk og ferskvassøkologi

Gytelokalitetane til aure i Øvre Austdølvatnet og Nedre Austdølvatnet vil bli neddemte, og dermed ikkje tilgjengeleg som gytelokalitet. På sikt vil fiskebestanden bli redusert. Etter utbyggjar si vurdering vil vatnet likevel ikkje bli fisketomt, ettersom det er fisk i innsjøane og på elvestrekningane oppstraums vassdraget.

På den øvre delen av påverka strekning av Austdøla vil den reduserte vassføringa (hovudsakleg minstevassføringa) gje dårlegare tilhøve for botndyr og vasstilknytt vegetasjon. Lenger nede vil det koma inn fleire mindre sidebekkar som bidreg til vassdekking. Her er det også mange små kulpar, der det vil vera vasspegl sjølv ved lav vassføring. Redusert vassføring vil her gje ei endring i artar og frekvensen av botndyr.

Køyring av Austdøla kraftverk gjennom vinteren vil gje ein meir stabil vassføring på anadrom strekning, noko som etter utbyggjar si vurdering vil vera positivt for overlevinga av egg og produksjonen av ungfisk.

For ikkje anadrom strekning får tiltaket iflg. tiltakshavar *liten negativ* konsekvens, medan konsekvensen for anadrom strekning ved ei utbygging av Austdøla kraftverk vert vurdert til *liten positiv*.

3.4. Kulturminne

Eitt av dei registrerte kulturminna ligg innanfor området som kan bli påverka av utbygginga. Dette gjeld eit bogestelle/skyteskjul rett sør for Øvre Austdølvatnet. Etableringa av magasinet i Austdølvatna får iflg. tiltakshavar ikkje konsekvensar for dette minnet, men dersom ein vel å byggja ein anleggsveg fram til dammen, vil ein måtte ta omsyn for å unngå fysisk konflikt. Det er iflg. tiltakshavar ingen automatisk freda kulturminne som blir påverka av tiltaket.

Utbyggjar vurderer konsekvensen å bli *liten negativ* for temaet.

3.5. Samfunns- og brukarinteresser

Reguleringa av Austdølvatna og bygginga av dammen gjev nye tekniske inngrep i eit område med ferdslie i samband med friluftslivet. Den nye 420 kV kraftleidninga Sima-Samnanger står i dag fram som det største og mest dominerande tekniske inngrepet i området.

På sikt vil fiskebestanden i Austdølvatna bli redusert. Fisk vil likevel kunne sleppa seg ned frå elvar og innsjøar oppstraums og sikre at innsjøane ikkje blir heilt fisketomme. Desse vil iflg. tiltakshavar få gode vekstvilkår og vera attraktive for sportsfiskarar.

Redusert vassføring i Austdøla oppstraums Røykjafossen vil etter utbyggjar si vurdering ha avgrensa konsekvens for friluftslivet. Elva er stort sett lite synleg frå vegen, og er allereie redusert av tidlegare regulering. Hardanger Basecamp tilbyr guida turar langs den gamle anleggsvegen som går langs vassdraget, og vil merka effekten av redusert vassføring langs elva.

Kraftstasjonen vil liggja eit stykke oppstraums Røykjafossen og vil berre bli synleg frå vegen. Reiselivet i Osa er basert på friluftsliv, men dette er i større grad knytt til sjølve Austdalen enn det øvrige ikkje-kommersielle friluftslivet. Det er iflg. tiltakshavar rimeleg å tru at den nye 420 kV kraftlinja vil vera negativt for produktet. Sett i lys av dette inngrepet, meiner utbyggjar inngrepa i samband med kraftutbygginga kan opplevast som små, men det blir også framført at summen av inngrep i dalføret blir større når kraftutbygginga kjem. Driftsmoglegheitene for Hardanger Basecamp meiner utbyggjar derimot blir lite direkte påverka i driftsfasen.

Konsekvensen for **friluftsliv, jakt og fiske** er av tiltakshavar vurdert til *liten negativ*. Konsekvensen for **reiselivet** er vurdert til *liten til middels negativ*.

I anleggsfasen vil dei største **samfunnsmessige** verknadene vera knytte til sysselsetjingseffekten. Det vil også bli lokale og regionale ringverknader i form av kjøp av varer og tenester.

I driftsfasen medfører vassdragstiltak at vertskommunen får naturressursskatt og eigedomsskatt.

Med utgangspunkt i dagens kraftpris (mai 2015) i den nordiske marknaden, inkl. el-sertifikat, vil utbygginga med ein produksjonsauke på 33 GWh iflg. tiltakshavar skapa verdiar for om lag 20 millionar kronar i året. I ein 20-årsperiode vil den totale verdiskapinga då vera nærmare 350 millionar kronar. Over ein periode på 50 år vil den totale verdiskapinga vera over 700 millionar kronar.

4. Fylkesrådmannen si vurdering

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som sektorstyresmakt for kulturminne. I vurdering av prosjektet i høve til regionale omsyn har vi nytta Klimaplan for Hordaland 2014-2030, Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021, Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke¹ og Område for friluftsliv².

Klimaplan for Hordaland slår fast følgjande overordna mål og strategi for energiproduksjonen:

Mål for energi: Energibruken i Hordaland skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Det vil seia ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter ein årleg reduksjon på 1,3 % fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfold.

Strategi B: Vera ein føregangsregion i produksjon og lagring av fornybar energi

4. Energiproduksjonen må skje med minst mogleg arealkonflikter, og med omsyn til naturmangfold, friluftslivområde og store landskapsverdiar. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.

Konsesjonsområdet hører i Fylkesdelplan for små vasskraftverk inn under Ulvik-Eid fjord delområde med følgjande omtale:

Ulvik-Eid fjord delområde har stort potensial for småkraft. Området hører til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konsesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep fra sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Sårbart høgfjell og villrein krev særskilt merksemd og spesielle tiltak, det same gjeld for den viktige villaksbestanden i Eidfjordvassdraget. Ein må vere merksam på at omfang av villmark i verna område kan bli redusert som følge av utbygging i randsona til større inngrepsfrie område. Området har store verdiar for friluftsliv med viktige oppgangssoner til store turområde på Hardangervidda og Hardangerjøkulen. Mykje av vassdragsnaturen er alt regulert i samband med kraftutbygging, og det vert viktig å ta dette med ved vurdering av sumverknad for området ved nye prosjekt.

4.1. Landskap

I Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke vert tiltaks- og influensområdet klassifisert som del av landskapstypene «middels breie fjordløp» av «middels verdi» (Osafjorden), på lik line med resten av dei indre delane av Hardangerfjorden, «elvegjel og elvegjuv» av «vanlig forekommende» karakter (Austdal), «botndal» av «vanlig forekommende» karakter (Austdølvatna). Området grensar inn mot landskapstypen «storforma fjellmassiv» av «middels verdi» og «store innsjøer i fjellet» av «vanlig forekommende karakter».

Det same fjordlandskapet vert i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland verdsett til «stor verdi», medan høgfjellet i tiltaks- og influensområdet vert karakterisert som «sårbar høgfjellsområde» av «stor verdi».

For fjordlandskap av «stor verdi» gjev småkraftplanen slike retningsliner og rammer (R 3):

2. *I fjordlandskap av stor verdi skal ein vera restriktiv med innrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal leggja vekt på at terrenghinnrep, vegar, røyrgater m.m. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingskvaliteten i landskapet. Ved innrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav om minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.*

For sårbart høgfjellsområde av «stor verdi» gjev småkraftplanen slike retningsliner og rammer (R 4):

¹ Aurland naturverkstad, 2011. På oppdrag frå Hordaland fylkeskommune.

² Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område for friluftsliv i Hordaland. Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, 2008

1. *I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vera restriktiv med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen.*
Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusera konfliktgraden.

For landskapet har tiltaket størst negative konsekvensar for den øvre delen av Austdal og Austdølvatna. Her må ein i samsvar med småkraftplanen unngå anlegg som fører til varige sår som reduserer opplevingskvaliteten i landskapet. Fylkesrådmannen vil i så måte rá til at utbygginga skjer veglaus ved at ein nyttar helikoptertransport inn til den planlagde dammen i Austdølvatnet. Ei slik løysing vil også vera meir skånsam i høve kulturminne (bogestelle/skyteskjul).

Når det gjeld øvre delen av Austdal, vil monaleg redusert vassføring ha store negative konsekvensar for opplevinga av elva og småfossane før vatn frå sidebekkane lenger nede vert tilført. Landskapet er frå før

likevel så negativt påverka av 420 kV-kraftleidninga Sima-Samnanger at konfliktnivået vert vurdert som middels.



Figur 4 Bilete av Astdøla i middels vassføring i øvre delen av Astdalen like nedanfor Astdølvatna. Med utbygging vil vassføringa i denne delen av dalen bli monaleg redusert. Frå synfaringa 16.07.15.



Figur 5 420 kV-kraftleidninga Sima-Samnanger i øvre delen av Austdalen. Austdøla i middels vassføring til venstre. Frå synfaringa 16.07.15.

I den nedre delen av Austdalen vil restvassføringa bli så stor at konfliktnivået vert vurdert som lågt. Kraftstasjonen kjem ovanfor Røykjafossen og inngrepa blir dermed lite synlege fra Osafjorden.

4.2. Biologisk mangfold

Direktoratet for naturforvalting har klassifisert Austdalen som lokalt viktig naturtype (elvegjel og botndal) som i den øvre delen er beiteområde for villrein. Under synfaring 16.07.15 ble ein einsleg bukk observert på beite i dalsøkket mellom Øvre og Nedre Austdølvatn.

Ved at ein unngår vegframføring til dammen gjennom det same dalsøkket og med tilfredsstillande minstevassføringa meiner fylkesrådmannen konfliktnivået er lågt for temaet. Fylkesrådmannen vil rå til at det vert sett opp reirkassar for fossekall der trygge reirplassar forsvinn.

4.3. Fisk

Iflg. temakart i Fylkesdelplan for små vasskraftverk er Austdøla anadromt vassdrag av stor verdi. Vandlingsstoppen er på nedsida av det planlagde kraftverket og Røykjafossen. Om anadrome elvestrekningar seier småkraftplanen:

I lakseførande elver bør ein ikkje gje løyve til bygging av kraftverk på lakseførande strekning, og ein må visa varsemd med utbygging oppstraums lakseførande strekning. (R6.2)

For elvestrekningar med sjøaure eller storaure skal ein ikkje gje løyve til vesentlege vasstandsreduksjonar. For kraftverksutbygging oppstraums aktuell elvestrekning for fisk skal det vurderast om automatisk forbisleppingsventil skal monterast. (R6.3)

Kraftverket kjem ovanfor vandringsstopen og køyring av Austdøla kraftverk gjennom vinteren på minimum 150 l/s vil «gje ein meir stabil vassføring på anadrom strekning, noko som etter utbyggjar si vurdering vil vera positivt for overlevinga av egg og produksjonen av ungfisk». Fylkesrådmannen står denne vurderinga. Den planlagde køyringa saman med framlegg om omløpsventilar er etter fylkesrådmannen sitt syn i tråd med føringane i småkraftplanen og vil sannsynlegvis vera gunstig for fisk på anadrom strekning.

Når det gjeld gytelokalitetane for aure i Øvre Austdølvatnet og Nedre Austdølvatnet er fylkesrådmannen meir kritisk. Med neddemming vil gytelokalitetane iflg. tiltakshavar forsvinna og aurebestanden bli redusert. Det kan vera i strid med småkraftplanen (R6.4):

Gyteområde for innlandsfisk må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden eller gjev vesentleg negativ innverknad for fiske.

Etter utbyggjar si vurdering vil vatnet likevel ikkje bli fisketomt, ettersom det er fisk i innsjøane og på elvestrekningane oppstraums vassdraget.

Fylkesrådmannen meiner det er avgjerande med avbøtande tiltak og vil i samsvar med fagrapporten i søknaden rå til at det vert tilrettelagt for oppvandring av fisk frå Austdølvatnet til gyteområde oppstraums vassdraget, evt. utlegging av gytegrus ovanfor høgste regulerte vassnivå.



Figur 6 Gytelokaliteten for aure i Øvre Austdølvatnet i innløpet midt i biletet. 420 kV-kraftleidninga Sima-Dagali i bakgrunnen. Frå synfaringa 16.07.15.

4.5. Kulturminne

I samband med høyring av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Viermyr og Austdøla kraftverk i Ulvik kommune, gjennomførte Kultur- og idrettsavdelinga ved Hordaland fylkeskommune arkeologisk registrering hausten 2011 for kartlegging av eventuelle kulturminneinteresser i planområda. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne som planen kjem i konflikt med. Det vart funne fleire nyare tids kulturminne innanfor planområdet. Her er to tufter, to restar av vegfar, og eit

bogastelle/skyteskjul (Askeladden id. nr. 132981). Bogastellet/skyteskjulet (Askeladden id.nr. 132981) var tidlegare registrert som automatisk freda og kartfesta til å liggja utanfor planområdet. Ved kontrollregistrering viste det seg å liggja innanfor området som kan verha påverka av tiltaket. Hordaland fylkeskommune tolkar kulturminnet til å vera frå etterreformatorisk tid. I samband med kontrollregistrering av andre lokalitetar i området vart det også registrert to nyare tids bogastelle og ein heller som ligg utanfor planområdet (Askeladden id. 149397-9). Utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Konsekvensane er knytt til visuell påverknad ved at landskapet endrar noko karakter ved oppdemming.

4.4. Friluftsliv og reiseliv

Konfliktpotensialet i høve friluftsliv og reiseliv er først og fremst knytt til dei tekniske inngrepa (demning og evt. vegbygging), oppdemming av tre vatn til eitt (Austdølvatnet) med varierande vasstand og redusert vassføring i Austdøla, særleg i den øvre delen av dalen.

Om friluftsliv seier Fylkesdelplan for små vasskraftverk (R7):

Ein bør visa varsemd med utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltak ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkja å gjera tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.

Om reiseliv seier fylkesdelplanen følgjande (R9):

I område med stor verdi for reiselivet der tiltaket vil redusere opplevingskvalitetane skal ein visa varsemd med løyve til ny vasskraftutbygging. Gjennom konkret utforming skal ein søkja å gjera tiltaket til ein positiv ressurs for reiselivet.

I Område for friluftsliv er tiltaks- og influensområdet klassifisert som regionalt friluftsområde av «middels verdi», ikkje «stor». Fylkesrådmannen meiner denne verdien er svekka etter at den omstridde 420 kV-kraftleidninga Sima-Samnanger vart lagt gjennom Austdalalen. Dette tekniske inngrepet dominerer over dei tekniske installasjonane og dei landskapsendringane som Austdøla-utbygginga vil føra med seg. I den øvre delen av tiltaksområdet tangerer dessutan den svært synlege 420 KV-leidninga Sima-Dagali.

Av omsyn til friluftslivet vil fylkesrådmannen likevel rå til at utbygginga av Austdøla kraftverk vert gjort så skånsam som mogleg, m.a. ved å unngå vegbygging inn til den nye demninga. Fylkesrådmannen vil også rå til at neddemming av Austdølvatna vert kompensert med gangbru over dei nye demningane slik at tilkomst til området nord og vest for Austdølvatnet ikkje vert for mykje hindra.

Når det gjeld reiseliv, er vurderinga mykje den same som for friluftslivet. Korkje den eksponerte Røykjafossen i Austdøla eller Kyrfossen i sideelva Kyrelvi får redusert vassføring gjennom tiltaket. Det er først og fremst 420 kV-luftleidningane som fører til negativ opplevingskvalitet. Likevel må det leggjast vekt på landskapsmessige omsyn som minstevassførig og revegetering i prosjektet.

5. Oppsummering og fylkesrådmannen si tilråding

Tiltaket er rekna å kunne gje ein samla årsproduksjon på om lag 34 GWh. Utbyggingsprisen er 6,28 kr/kWh. Prosjektet vil inngå i regulerbar kraftproduksjon.

Konsekvensane for ålmenne interesser er i hovudsak knytte til landskap og fisk. Tiltaket kjem i eit område med store landskapsverdiar. For anadrom fisk kan tiltaket få positive konsekvensar. For innlandsfisk vil konsekvensane vera negative.

Når det gjeld landskap, vil fylkesrådmannen i samsvar med fylkespolitiske retningsliner i småkraftplanen rå til at utbygginga skjer veglaus og at landskapstilpassing og revegetering får høg prioritet. Landskapet i Austdalalen er frå før sterkt negativt påverka av 420 kv-luftleidninga Sima-Samnanger. Av omsyn til den høge verdisetjinga av dalen, biologisk mangfald, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv vil fylkesrådmannen likevel

be NVE vurdera høgare minstevassføring i Austdøla slik at dei negative konsekvensane for den øvre delen av Austdalen blir mindre.

Når det gjeld innlandsfisk, vil fylkesrådmannen i samsvar med fylkespolitiske retningsliner i småkraftplanen og fagrapporten i søknaden rå til at det vert tilrettelagt for oppvandring av fisk frå Austdølvatnet til gyeområde oppstraums vassdraget, evt. utlegging av gytegrus ovanfor høgste regulerte vassnivå.

Med naudsynte tilpassingar og avbøtande tiltak vil utbygging av Austdøla kraftverk etter fylkesrådmannen si vurdering vera i samsvar med Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021 sine mål om meir fornybar energi og vil difor rå til konsesjon. **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015**

Natalie A Golis (MDG) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Nytt pkt.1 - Av omsyn til sårbart høgfjellav stor verdi og den høge verdisetjinga av dalen. Biologisk mangfald, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv, rår Hordaland fylkeskommune frå utbyggin av Austdøla Kraftverk i Ulvik.

Endra ordlyd på pkt.2 – Om NVE rår til skal det av omsyn»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 7 røyster mot Golis sitt forslag som fekk 5 røyster (MDG, A).

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Austdøla kraftverk.
2. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi og villrein vil Hordaland fylkeskommune rå til veglaus utbygging.
3. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, biologisk mangfald, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv bør vassføring i elva Austdøla oppretthaldast i størst mogleg grad. Landskapstilpassing av tiltaket og revegetering må ha høg prioritet.
4. Av omsyn til fossekall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.
5. Av omsyn til innlandsfisk rår Hordaland fylkeskommune til at det vert tilrettelagt for oppvandring av fisk frå Austdølvatnet til gyeområde oppstraums vassdraget, evt. utlegging av gytegrus ovanfor høgste regulerte vassnivå.
6. Av omsyn til friluftslivet bør demningane byggjast med gangbruar.
7. Med omsyn til planområda er undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven i stor grad oppfylt. Unntaket er nettilknyting, der dagens 22 kV leidning frå Ulvik til Osa ikkje er dimensjonert for ny kraftproduksjon og difor må oppgraderast. Detaljplan for dette tiltaket med planlagde inngrep av varig og mellombels karakter må sendast på høyring til Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekka konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
8. Det vert ikkje stilt krav om § 9 jf. undersøkingsplikta med omsyn til tipp- og riggområde.

Lenke: [Norges vassdrags- og energidirektorat](#)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015

Det var 14 representantar til stades.

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag (a):

"Alternativ til punkt 1:

Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi og den høge verdisetjinga av dalen, biologisk mangfald, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv, rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Austdøla kraftverk i Ulvik.

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag (b):

"Endra ordlyd på punkt 2:

Om NVE rår til skal det av omsyn"

Aud Karin Oen sette på vegner av SV fram slik protokollmerknad:

"Hordaland fylkeskommune ser med uro på at kraftkommunar som har avstått verdfulle naturlandskap har fått inntektene redusert og står i fare for ytterlegare inntektsreduksjon."

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart vedteke med 13 røyster mot 1 røyst for Oen sitt forslag (a).

Innstillinga punkt 2 vart vedteke med 13 røyster mot 1 røyst for Oen sitt forslag (b).

Innstillinga punkt 3-8 vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Austdøla kraftverk.
2. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi og villrein vil Hordaland fylkeskommune rá til veglaus utbygging.
3. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, biologisk mangfald, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv bør vassføring i elva Austdøla oppretthaldast i størst mogleg grad. Landskapstilpassing av tiltaket og revegetering må ha høg prioritet.
4. Av omsyn til fossekall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.
5. Av omsyn til innlandsfisk rår Hordaland fylkeskommune til at det vert tilrettelagt for oppvandring av fisk frå Austdølvatnet til gyteområde oppstraums vassdraget, evt. utlegging av gytegrus ovanfor høgste regulerte vassnivå.
6. Av omsyn til friluftslivet bør demningane byggjast med gangbruer.
7. Med omsyn til planområda er undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven i stor grad oppfylt. Unntaket er netttilknyting, der dagens 22 KV leidning frå Ulvik til Osa ikkje er dimensjonert for ny kraftproduksjon og difor må oppgraderast. Detaljplan for dette tiltaket med planlagde inngrep av varig og mellombels karakter må sendast på høyring til Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
8. Det vert ikkje stilt krav om § 9 jf. undersøkingsplikta med omsyn til tipp- og riggområde.

Protokollmerknad frå SV

Hordaland fylkeskommune ser med uro på at kraftkommunar som har avstått verdfulle naturlandskap har fått inntektene redusert og står i fare for ytterlegare inntektsreduksjon.